

**Til: Generalforsamlinga i Hordaland Teater 2018**

**Frå: Styret i Hordaland Teater**

**Dato: Framlegg vedtatt 5. desember 2017/16. mars 2018**

**Sak: RETNINGSLINER FOR HORDALAND TEATER SIN VALKOMITÉ**

Vedlagt føreslag til justering av vedtektene angående oppretting av valkomité. Med dette legg vi og fram føreslag til retningslinjer for valkomitéen.

1. Selskapet skal ha ein valkomite med 4 medlemmer, der 2 vert oppnemnd av Hordaland Fylkeskommune, 1 vert oppnemnd av dei øvrige luteigarar og 1 medlem vert oppnemnd av dei tilsette. Hordaland Fylkeskommune oppnemner leiaren. Valkomiteen skal arbeide etter vedtekter som er godkjend av generalforsamlinga
2. Administrasjonen sender melding om igangsetting av arbeidet til Valkomiteén sin leiar seinast 1. desember året før innkalling til generalforsamling vert sendt ut. Innkallinga skal innehalde,
  - Samansetning av valkomitéen
  - Vedtektene sine føresegner angående val og kva for fristar som gjeld for innsending av føreslag til styremedlemmer for kommande styreperiode
  - Frist for levering av føreslag til administrasjonen for utsending av underlag til generalforsamlinga
3. Valkomiteen sin leiar skal kontakte medlemmene og administrere arbeidet. Alle tillitsvalde skal ha skriftleg melding (e-post eller brevpost) med informasjon om dei er på val og om dei kan verte valde på ny eller ikkje. Dei vert samstundes spurt om dei er viljuge til å ta attval i det vervet dei har, eller eventuelt gå inn i andre verv viss det vert aktuelt.
4. Føreslag på styremedlemmer og kandidatar til øvrige verv, vert henta inn frå eigarane ved leiar/eller kontaktperson. Føreslagsfristen skal være minst 3 veker. Valkomiteen står elles fritt til å hente inn føreslag frå kven dei måtte ønske.
5. Valkomiteen skal føreslå:  
Styre: Leiar og 3 styremedlemmer frå HFK, 1 frå andre eigarar og 1 styremedlem frå tilsette  
Varamedlemmer til styret: 2 frå HFK, 1 frå andre eigarar, 1 frå tilsette  
Valkomiteen må til ein kvar tid følgje dei regler som er nedfelt i Vedtekter for Hordaland Teater §3, Styre og §4 Valkomité.
6. Endringar i desse retningslinjene kan berre føretakast av Hordaland Teater si generalforsamling med 2/3 fleirtal.
7. Desse retningslinjene vert tatt i bruk etter vedtak på generalforsamlinga i 2018